



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Silje Haaskjold Sætre, 5557 2237

Vår dato
09.11.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/12229 733.1
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Oversending av utkast til program - tilsyn Knarvik sjukeheim - 23. og 24. november 2016

Vi viser til melding om tilsyn i brev av 22. september 2016. Vi takkar for tilsendte opplysningar og korrespondanse, og sender som avtalt program for tilsynet, jf. vedlegg.

Vi ber om at programmet og møtestaden blir gjort kjent for dei som er sette opp til samtale. Dersom nokon av dei ikkje kan delta, eventuelt om tidspunktet ikkje høver, ber vi om å få melding om dette snarast råd og innan 16. november 2016 slik at vi om nødvendig kan justere programmet og/eller velje ut andre. Ver venleg også å gje beskjed dersom namn og titlar er skrivne feil.

For gjennomføring av opnings- og sluttmøtet ber vi om å få disponere eit møterom med plass til alle som er sette opp til samtale. Det er frå vår side ønskjeleg at dei som er sett opp til samtale, kan delta på opnings- og sluttmøtet. Desse møta er også opne for andre tilsette som på ein eller annan måte er involverte i tilsynet.

Ved tilsynet ønskjer vi å gjennomgå eit utval pasientjournalar. Vi ber om å få namnelister (namn og fødselsdato) og tilgang til journalane for pasientane som er innlagt ved sjukeheimen. Dersom alle opplysningane ikkje er skrivne/scanna inn, ber vi om at papirjournal er tilgjengeleg. Vi ber om å få disponere møterom/kontor og om å få tilgang til det elektroniske pasientjournalsystemet på to pc-ar. Vi ber og om at det blir gitt tilgang med eigen brukaridentitet for tre personar i tilsynslaget. Før vi byrjar arbeidet med å gjennomgå journalane, ber vi om at ein person med god kjennskap til journalsystemet gir oss ei kort innføring i dette og korleis vi finn relevante opplysningar.

Ver venleg å ta kontakt ved spørsmål om programmet og eller den praktiske gjennomføringa av tilsynet. Kontaktperson er Silje Haaskjold Sætre, fmhoshs@fylkesmannen.no, telefonnummer 55 57 22 37.

Med helsing

Kristin Cotta Schønberg
assisterande fylkeslege

Silje Haaskjold Sætre
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

